

FAU SAGVÅG SKULE – HØYRINGSUTTALE TIL KONSEKVENsutGREIING OG FRAMLEGG TIL FORSKRIFT VED EVENTUELL NEDLEGGING AV LITLABØ SKULE

Det vert vist til høyringnotat utarbeidd av Stord kommune i samband med prosess med sikte på eventuell nedlegging av Litlabø skule frå og med skuleåret 2012-2013. Som høyringsinstans ønskjer me å gje uttale til denne.

Høyringsnotatet er isolert sett eit godt notat, og trass feilmargar når det gjeld talmateriale synes me det gjev ei god beskriving av både nositasjonen og dei framlagde alternativa til løysing.

Elevtal ved Sagvåg skule

Sagvåg skule har pr. i dag ledig elevkapasitet. Opplæringslova § 8-1, 1. ledd, 2. pkt. seier at skulen er full når bygningsmessige, skjønsmessige og pedagogiske tilhøve tilseier det.

Sagvåg skule er ikkje ein tradisjonell klasserom-skule, men basert på at elevane fordeler seg på basar. Skjønsmessige meiner me difor at det vert for rigid å sei at skulen er full når det er 28 elevar i kvar klasse. Det er sannsynleg at skulen er full før dette basert på den fleksibiliteten ein er avhengig av i høve til korleis bygget er utforma.

Dersom nedlegging av Litlabø skule frå hausten 2012 vil Sagvåg skule vera full 16. august 2012.

Når det gjeld kapasitet ved Sagvåg skule er formuleringa som er med i høyringsnotatet (s. 22) altfor svak: «Eventuelt må Sagvåg skule utvidast til å bli ein 2 parallell skule, som tilseier ein kostnad på om lag 30 – 50 mill kr.»

Ei nedlegging av Litlabø skule utløyser behov for utviding av Sagvåg skule straks!

Elevprognosar i bydel Sagvåg

Me ønskjer å spela inn tre moment som me meiner det må takast omsyn til:

- 1) Utbyggingsklart bustadområde i Dybvik på 19 tomter. Det er planlagt utbyggingsstart i 2012.
- 2) Det bør, som ved tidlegare høve, vera rekna med at 100 nye husstandar tilfører 70 elevar. Dette med bakgrunn i at 70 er eit mykje nytta erfaringstal, samt at ein stor andel av dei meste barnerike familiane bur i Sagvåg.
- 3) Generasjonsskifte i fleire av dei etablerte felta i Sagvåg (Jensanesvegen, Kappelen, Rindane, Hamrane) vil generera ein elevauke utover det ein reknar med vil komma frå bygging av nye hus. Her bør det vera med eit forholdstal ved framskriving av elevtal.

Til grunn for ei eventuell beslutning om nedlegging av Litlabø skule, må det føreligga meir korrekte prognosar på elevtal.

Nærskuleprinsipp og forskrift innan samme kommune

I orienteringsmøtet ved Sagvåg skule 1. feb. vart det stilt spørsmål om det var andre kommunar som praktiserte både nærskuleprinsipp og forskrift innafor same kommune. Me fekk då opplyst at dette vart gjort mellom anna i Drammen.

Me viser her til brev frå Fylkesmannen i Buskerud av 08.09.09, der Utdanningsdirektoratet vert beden om å veileda når det gjeld sentrale spørsmål ved opplæringslova sitt nærskuleprinsipp. Bakgrunn for saka var vanskar med praktisering av nærskuleprinsippet i Drammen kommune.

Situasjonen i Drammen er mange fulle skular. I bydel Sagvåg har me ikkje denne uheldige situasjonen – med mindre ein legg ned Litlabø skule.

Me meiner vidare at før evt. vedtak om innføring av forskrift, bør denne gjennomgåast på nytt. Dette fordi «streken» i realiteten stykkar opp Sagvåg-elevane i to «øyar». Med bakgrunn i kor skulane ligg, er det vanskeleg å laga ei «naturleg» linje. Me ser også ein fare for at denne linja må justerast undervegs, og mange familiar vil framleis kjenna på usikkerhet i høve til kva skule dei tilhøyrer.

I presentasjonen som administrasjonen hadde på informasjonsmøtet 1. feb., vart forutsigbarhet halde fram som viktig, og som eit av dei grunnleggande momenta for nærskuleprinsippet. Det er nettopp forutsigbarheten som står i fare dersom me får forskrift i bydel Sagvåg.

Folkehelse

Mange av oss som bur i bydel Sagvåg opplever prosessen som dårleg. Måten saka har vore handtert på politisk vil i seg sjølv vanskeleggjera ein god overgang frå tre til to skular.

Vidare veit me at det er meir utfordrande både for lærar og elev i større klassar. Det vil vera enkeltelevar som vil få vanskeleggjort sin skulekvardag på grunn av dette. Me synes det er ein urimeleg høg pris ungane våre skal måtte betala for noko som til sjuande og sist kanskje ikkje gjev noko økonomisk gevinst.

Praktisering av nærskuleprinsipp og forskrift innan kommunen vil kunne få uheldige tilleggsverknader knytt til generelle oppvekstvilkår, og status for vår bydel. Allereie no er det etablert uttrykk som «på rett side av streken» - streken som ved forskrift vil dela bygda i to!

I ytste konsekvens kan ein få den effekten at vår bydel framstår som mindre attraktiv å busetja seg i. Dette korresponderer dårleg med at det i kommuneplanen framgår at det vert lagt opp til ei årleg bustadbygging på 150 einingar, der anslagsvis 60% av desse kjem i bydel Sagvåg.

Økonomi

Forslaget om nedlegging av Litlabø skule har utgangspunkt i økonomi. Når ein har teke unna investeringar knytt til dei to «overtakande» skulane, vil ein på sikt ha ei årleg besparing på 7,6 mill. i h.h.t. høyringsnotatet.

Det er då ikkje teke omsyn til:

- Investering i nytt byggetrinn ved Sagvåg skule. Behovet for dette vil bli utløyst straks, medan ein ikkje kan forventa realisering i eit perspektiv på kan hende minimum 15 år. Mellomløysingar vil verta naudsynte, og erfaring tilseier at slike løysingar ikkje er kostnadseffektive.
- Behov for tilpassing for enkeltelevar. Større klassar gjev utfordringar knytt til konsentrasjon og tilpassa opplæring. Det er sannsynleg at større klassar for nokre elevar vil medføre ekstra lærarressusar. Vegen fram til vedtak som utløyser ekstra ressursar vil ta tid, og kosta – både i form av pengar og reint menneskeleg.
- Det er sannsynleg at ekstra lærarressusar vert utløyst som følgje av store klassar (over 28 elevar og/eller tilleggsressusar knytt til enkeltelevar).
- Meir krevjande arbeidsdag for lærarane med store klassar medfører risiko for auka sjukefråvær.

- Skulebruksplanen er sett heilt på sidelinja i denne saka. Dette meiner me bidrar til ein usamanhengande og fragmentert skulepolitikk.
- Omplassering av tilsette ved Litlabø skule er ikkje utgreidd økonomisk.
- Evt kostnad ved auka bruk av ressursar til førebyggjande tiltak i høve oppvekstvilkår, bustadmiljø, næring og kultur (ref. høyringsnotatet pkt. 6 om folkehelseomsyn).

Oppsummering

Me ønskjer å halda fram nokre moment som me meiner må vektleggjast særleg før ein besluttar i denne saka:

- **Økonomi**

Me har forståing for at det er vanskeleg for politikarane i Stord kommune å finna stader å kutta kostnader. I denne saka meiner me at innsparingar eine staden, vil gje auka kostnader andre stader. Reknestykket som viser kva innsparinga eigentleg vert, er hefta med mykje usikkerhet.

Nedlegging av Litlabø skule heng uløseleg saman med utbygging av Sagvåg skule til to-parallell. Me veit at ei utbygging av Sagvåg skule vert ei stor investering, og at det er fleire viktige oppgåver som gjeld skule og eldreomsorg i Stord kommune som antageleg må løysast først. Ei nedlegging av Litlabø skule vil difor på kort sikt gje risiko for at me får brakke-skule også i Sagvåg, fordi utbygging av skulen først kan realiserast på lang sikt. Stord kommune sine øvrige brakke-skule-løysingar er sterkt kritisert, både i eit økonomisk perspektiv, men også fordi dette i prinsippet er svært dårlege løysingar. Dette er løysingar ein bør avvikla – ikkje innføra!

Det vil vera uklokt å ta ein beslutning for framtida på økonomisk grunnlag som framstår som usikkert.

- **Trafikk**

Trafikktilhøva ved Sagvåg skule er ikkje på det tryggleiksnivået som er forsvarleg ved ein barneskule. Barn ned til 5 år ferdast her! Å auka elevtalet på skulen før dei trafikale problema her er løyst, er ikkje noko me som foreldre vågar ta ansvar for. I tillegg veit me at skulevegen for mange skulebarn vil verta lang og trafikkfarleg dersom me får ein situasjon med forskrift.

- **Elevtal**

Sagvåg skule er allereie «ramma» som følgje av den uroa som stadige nedleggings-forslag har medført. Konkret har dette medført ein svært stor 1. klasse ved vår skule. Dersom alle klassane på Sagvåg skule skal ha denne elevtettheten vil dette bli ei pedagogisk, praktisk og bygningsmessig utfordring.

Grensa for forsvarleg drift ved Sagvåg skule vil verta utfordra dersom me får ein overfylt skule frå torsdag 16. august 2012 kl 09.00.

Sagvåg 15. februar 2012

FAU v/ Sagvåg skule

Anne B. M. Dahle
Anne Britt Melkevik Dahle

leiar